

Ryfylkeøyane frå Sand

(ved overnatting i friluftsområde: hugs frilufsloven som seier maks 2 døgn på kvar stad)



(Klikk på kartet for å laste ned pdf i større versjon)

Symbol på kartet for bunkring, matsservering og friluftsområde (grøn stoppestad).

- **Sand:** Bunkringsmoglegheiter, ei fin båthamn med gjesteplassar og tilhøyrande fasilitetar, shoppingmoglegheiter, kafear, Ryfylkemuseet, hotell og andre sentrumstilbod.

- **Sjubbeholsvågen:** Lun god hamn i Vatlandsvåg på sørsida av Ropeidhalvøya. Farvatnet her er nesten lukka. Friluftsrådet har lagt til rette her med gjestebrygge og bryggesti. Det er også tursti rundt heile friområdet. Bunkringsmoglegheiter i Vatlandsvåg. Alternativ overnatting for dei som vil reise litt lenger er *Nedstrand*. Her finn du marina og campingplass med dei fasilitetane som høyrer til. Drivstoff kan fyllast på Nedstrand.

- **Nord-Talgje, i Sjernarøyane:** Skjergard med holmar, vikar, skjær, bukter og sund. Mykje brukt båtutfartsområde med svært stor kapasitet. Den blå lagune har ein flott barnevenleg badebasseng. Ryfylke friluftsråd har laga til toalett, båtfester, renovasjonsstasjon og informasjonsskilt. Ein kan også overnatte på land ved *Helgøysund Fiskesenter* (Helgøy i Sjernarøyane), men ring på førehand for å bestilla. Alternativ overnatting finn ein også på *Nord-Hidle*. Der kan ein sova på *Eldhuset bed & breakfast*. Her kan ein også kjøpa seg heimalaga varm mat.

- **Rossøysundet (Finnøy):** Halvøy og øy på sørspissen av Fogn. Svabergkyst, bukter, vikar og sund med mange gode hamnemoglegheiter. Ryfylke friluftsråd har lagt til rette med Handicap-toalett, renovasjonsstasjon, gjestebryggeanlegg og turstiar. Alternativ overnatting finn ein på *Finnøy Fjordsenter* (austsida av Finnøy, Nåden), sør for Judaberg). Her finn du både hytter og campingplass med sanitæranlegg med ulike fasilitetar. I Judaberg sentrum er det bunkringsmoglegheiter og mogleg å fylla bensin heile døgnet på kortautomat.

- Ved å stoppe ved **Søre Børøyholmen** får du god tid til å oppleve Ryfylkeøyane. Denne holmen ligg sør for Børøy i Fisterfjorden. Friluftsrådet har her laga til handicap-toalett, informasjonsskilt, rasteplass med bord og benkar, miljøstasjon, båtfester, grillanlegg og bryggeanlegg for ilandstigning. Alternativ overnatting for båtturistar finn du ved *Fister Camp* ved på Fister og ved *Spa-hotell Velvære i Hjelmelandsvågen*. Drivstoff kan ein fylla på kortautomat ved ferjekaien på Hjelmeland. Bensin frå kl 09.00-21.00. Diesel heile døgnet.

- **Skaholmen og Berget i Økstrafjorden** (Suldal kommune): Følgje lykta på Barkeneset som viser veien inn til Økstrafjorden. På vestsida ligg Skaholmen med svaberg, nes, holmar, bukter, vikar og sund. Flotte havneforhold med små bruer som bind dei ulike småholmane saman. Her kan ein blant anna sjå jettegryter. Ryfylke friluftsråd har lagt til rette med toalett, anløpsbrygge, båtfeste, informasjonsskilt, tursti og miljøstasjon. Drivstoff kan fyllast ved kortautomat på Foreneset. Andre sanitærfasilitetar for båtturistar finn du ved *Erøy landhandel* på Erøy i Erfjord. Ønskjer ein anna overnatting på land kan ein kontakta *Fuglestein Fjordferie* på Foreneset.

- **Sand**



Ryfylkemuseet - Sand
Foto: Hanne Sundbø



Sjubbeholsvågen
Foto: Hanne Sundbø



Fiske frå bryggekanter - populær aktivitet for barn



Jettegryte - Skaholmen Berget. Foto: Hanne Sundbø



Ei uthamn i Ryfylke
Foto: Hanne Sundbø